



Majo Eigedom as

Lindåsvegen 154

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1341 - 16/24423

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2016

Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 139/63 og 65 Tveiten

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 31.08.2016, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet - 087/16:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Med heimel i pbl §11-6 (rettsverknaden av kommunedelplanen) vert det gjeve løyve til å dispensere frå arealføremålet for oppføring av to einbustader på gbnr 139/63 og 65. Grunngeving for vedtaket går fram under. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) §19-2 jf. §11-6.

Grunngeving:

Tomtane ligg i eit område som er delvis utbygd med einbustader og tomannsbustader, derfor vil bygging komplimentere eit alt eksisterande bumiljø. Regulering vil derfor ikkje gje nokon endring i området.

Tomtane ligg på ein skogledd flate, og det har ikkje vore drive jordbruk på eigedommane. Tiltaket vil derfor ikkje forringe landbruk i området. Eigedommane eignar seg godt til utbygging.

Vegforhold er på plass. Statens vegvesen har gitt førehandsuttale til utvida bruk av avkøyrsløse til to nye bustader og dispensasjon frå byggegrensa for plassering av bygg inntil 15 meter fra vegmidte. Det er og samanhengande sikker skuleveg frå eigedommane til Alversund skule.

Tidlegare er det gitt dispensasjonar i området.



Etter ei samla vurdering ser vi at fordelane ved å gje dispensasjon vert klart større enn ulempene.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saksframlegg utan vedlegg er vedlagt. For saksframlegg med vedlegg, vert det vist til Lindås kommune sitt innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016001341&

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Mottakarar:

Majo Eigedom as

Kopi til:

Parter i saka:

Majo Eigedom AS v/Magnus Johan Helgesen, Einar Tvedt Jensen, Inger Tverberg, Liv Ellen Drotningsvik, Bodil Skauge Lundøy og Jonny Frode Lundøy